

Rogaland SV sier nei til monsterturbiner _____	2
Rogaland SV fordømmer Tyrkias brudd mot internasjonal rett og menneskerettigheter _____	3
Havvind må ikke gå på bekostning av natur og økosystem _____	5
6-åringane må tilbake i barnehagen _____	6
Språkleg rettferd i skulen _____	7
Gjer ord til handling Vern Sandsfjordområdet! _____	8
Palestina, Noreg og folkeretten _____	10
Et arealnøytralt Norge _____	11
Utenlandsadopsjon _____	12
Trygg tunnel på Rv13 gjennom Rødsliane _____	13
Avskaff strømbørsen! _____	14
Nytt sjukehus i Stavanger må ikkje gå ut over pasientane _____	15
En rettferdig asylpolitikk _____	16

Rogaland SV sier nei til monsterturbiner

Norsk natur har vært gjennom en periode med nedbygging av natur og grønne områder i stor skala gjennom etablering av vindkraftanlegg i hele landet. Rogaland har nå 18 anlegg spredd over store deler av fylket, og særlig sørfylket er preget av mange anlegg. Disse turbinene og anleggsområdene preger livene til både folk og dyr, og bidrar til at urørt natur snart er et ukjent begrep her i regionen.

Nå ser vi at selskap etablert i skatteparadis setter søkelyset på Rogaland. De ønsker å sette opp rekordstore vindturbiner på hele 270 meters høyde.

Rogaland SV mener Rogaland er et energifylke med betydelig kraftoverskudd allerede, og at nå er det tid for å ta ansvar for å sikre urørt og inngrepsfri natur mot nye ekstreme inngrep i sårbare leveområder for folk, fugl og fisk.

Vi kan ikke akseptere fortsatt nedbygging av vår sårbare natur. Vi har ikke mer urørt og inngrepsfri natur å avse. Folk trenger naturen til rekreasjon, og vi trenger dyr, fugler, fisk og insekter for å sikre balansen i naturen. Tap av biologisk mangfold er ansett som en av de største truslene for framtidens generasjoner. Norge har forpliktet seg til å verne 30% av all natur på land innen 2030, og naturkrisen er like alvorlig som klimakrisen. Rogaland SV støtter opp om arbeidet med å verne norsk natur. Vern av naturen er også viktig for å unngå at naturødeleggelser øker klimakrisen.

Rogaland SV sier nei til monsterturbiner i norsk natur.

Vedtatt av Rogaland SVs årsmøte 18. -19. februar 2023.

Rogaland SV fordømmer Tyrkias brudd mot internasjonal rett og menneskerettigheter

Tyrkia har under President Erdoğan beveget seg i en autoritær retning hvor ytringsfriheten og organisasjonsfriheten stadig blir innskrenket. Tyrkiske myndigheter har brukt antiterrorlovgivning til å fengse flere ledende journalister, menneskerettighetsforsvarere, og politiske motstandere med tiltaler basert på tilknytning til terrorgrupper eller propaganda for terrororganisasjoner. Pressefrihetsorganisasjoner har advart mot en ny lov mot desinformasjon som legger opp til utstrakt sensur og kriminalisering av journalistikk, og at det er en spesielt bekymrende utvikling i opptakten mot valget i mai 2023.

Ifølge Human Rights Watch har den tyrkiske regjeringen i 2022 fortsatt en kampanje for å kriminalisere det kurdiske opposisjonspartiet Peoples' Democratic Party (HDP), som har 56 seter i det tyrkiske parlamentet. En tiltale mot HDP tatt ut i landets konstitusjonelle domstol søker å bannlyse 451 politikere og partimedlemmer fra politisk aktivitet i 5 år og å beslaglegge partiets eiendeler, som i praksis kan føre til en nedstengning av partiet like før valget.

Tyrkia har de siste årene ført en aggressiv utenrikspolitikk med militære angrep og okkupasjon av områder i Syria og Irak som grenser til Tyrkia. Det er rapportert om pågående og omfattende menneskerettighetsbrudd mot sivilbefolkningen av tyrkiske styrker og tyrkisk-allierte militære grupper i områder kontrollert av Tyrkia. Ifølge en FN-oppnevnt undersøkelseskommisjon har Tyrkia ansvar for å overholde menneskerettigheter og beskytte sivilbefolkningen i områder de kontrollerer i Syria. Kommisjonen konkluderer at det er rimelig grunn til å tro at tyrkiske angrep mot Syria i i første halvdel av 2022 utgjør krigsforbrytelser. Tyrkiske angrep mot mål i Syria i november 2022 drepte minst 10 sivile og har ført til en drastisk forverring av den humanitære situasjonen for sivilbefolkningen.

Rogaland SV fordømmer de gjentatte bruddene mot internasjonal rett og menneskerettigheter begått av tyrkiske myndigheter både mot egen befolkning og mot sivilbefolkningen i naboland. SV er sterkt bekymret for den stadige innskrenkingen av ytringsfrihet og organisasjonsfrihet i landet, og SV fordømmer den systematiske forfølgelsen av journalister, menneskerettighetsforsvarere, og politiske motstandere i Tyrkia.

Rogaland SV anerkjenner at Tyrkia har legitime sikkerhetsutfordringer og en rett til å forsvare seg selv og egen befolkning, men anser at de gjentatte angrepene og okkupasjonen av områder i Syria og Irak er fullstendig uproporsjonale tiltak som utgjør et klart brudd på folkeretten. Konflikten må løses gjennom politiske og diplomatiske tiltak i tråd med internasjonal rett.

Rogaland SV krever at norske myndigheter:

- Fordømmer tyrkiske myndigheters bruk av antiterrorlovgivning til å straffeforfølge og fengse legitime politiske motstandere, journalister, og menneskerettighetsforkjempere.
- Bruker diplomatiske og offentlige kanaler for å legge press på Tyrkia for å løslate politiske fanger, og for å forhindre en ulovlig nedstengning av HDP.
- Jobber aktivt for å styrke ytringsfriheten og organisasjonsfriheten i Tyrkia.

- Fordømmer de folkerettsstridige tyrkiske angrepene mot mål i Syria og Irak og de pågående menneskerettsbruddene mot sivilbefolkningen i områder i Syria og Irak kontrollert av Tyrkia.

Vedtatt av Rogaland SVs årsmøte 18. -19. februar 2023.

Havvind må ikke gå på bekostning av natur og økosystem

Regjeringen vil legge til rette for storstilt utbygging av havvind på norsk sokkel gjennom å tildele arealer for 30 GW produksjon innen 2040.

Dette vil legge beslag på flere tusen kvadratkilometer av norske havområder og påvirke sårbare habitater og økosystemer.

Måten mennesker bruker og endrer areal på er en av hovedårsakene til verdens naturkrise. To tredjedeler av havområdene i verden er allerede påvirket av mennesker, og en tredjedel av marine arter er i fare for å utryddes. Siden 1950 har bestandene av verdens sjøfugler minket med 70 prosent, og de er blant de mest truede artsgruppene i verden.

Vindkraftsatsing på land har forbrukt store arealer urørt natur. I følge Norsk institutt for naturforskning ble 72% av konsesjonene gitt i viktige leveområder for truede arter. Utbygging av havvind må i mye større grad ta hensyn til økologi og arts mangfold. Natur kan bare bygges ned én gang.

Vi har i dag ikke tilstrekkelig faktagrunnlag for å kunne sette i gang massiv utbygging av havvind. Før beslutningene kan tas er det behov for grundig kartlegging av økosystemene og naturgrunnet i havet. Vi trenger kunnskap om effekter av marine vindkraftanlegg, både i utbyggings- og driftsfasen, om storskala effekter av kunstige strukturer til havs, hvordan støy og elektromagnetisme påvirker livet i havet, og vi vet for lite om effekter av forurensing. Vindkraftanlegg vil påvirke de marine økosystemene og leveområder til fisk, marine pattedyr og fugler. Vindturbiner til havs vil kunne utgjøre en trussel mot fugletrekket og få store konsekvenser for fiskerinæringen.

Rogaland SV mener at beslutning om utbygging av havvinnanlegg må tas etter et føre-var-prinsipp, og basert på offentlig innhentet kunnskapsgrunnlag. Hensynet til marine økosystemer skal alltid ha høyest prioritet slik at vindkraften ikke ødelegger viktige naturverdier.

Klimakrisen og naturkrisen henger sammen, og vi kan ikke sette i gang tiltak for å løse klimakrisen som forsterker naturkrisen. Klimakrisen kan ikke løses ved å ødelegge naturen.

Vedtatt av Rogaland SVs årsmøte 18. -19. februar 2023.

6-åringane må tilbake i barnehagen

Då 6-åringane begynte på skulen for 25 år sidan, skulle det vera ein kvardag med leik og læring. Fram til i dag har utviklinga vore at skulekvardagen til 6-åringane har blitt meir «skulsk» og det er forventa at dei skal kunne lesa til jul. Dette kan verka flott, men barna mistar også mykje på vegen, som tid til leik og spontanitet.

Leik er ein viktig del av barns psykiske utvikling, livskvalitet og evne til å forstå verda. I dag er skulekvardagen deira prega av lange arbeidsøkter, og mindre leik som barna tar initiativ til sjølv. Fleire skular kan også melda om auka åtferdsproblem. Fleire barn hadde vore meir klar for skule ved å venta eit ekstra år.

Skulevegning er eit aukande problem. Ifølgje forskarane Karin Hognestad og Inger Helene Hognestad mistar barne dei psykiske føresetnadene sine til å meistra skulelivet når dei startar på skulen allereie som 6-åringar.

Evalueringsrapporten som blei langt fram i desember viser at 6-årsrefoma ikkje har hatt den effekten som var ønska. Elevane har ikkje lært meir ved å gå eit ekstra på skule, men me ser ein auke i mange sosiale og psykiske problem etter reforma frå 1997.

I store delar av landet ser me i dag nedgang i befolkningsveksten. Dette er ei unik moglegheit til å føra 6-åringane tilbake i barnehagen.

Vedtatt av Rogaland SVs årsmøte 18. -19. februar 2023.

Språkleg rettferd i skulen

Kunnskapsminister Tonje Brenna kjem snart med framlegg til ny opplæringslov til Stortinget. Rogaland SV vil ha ei opplæringslov som sikrar nynorskelevane ein nynorsk kvardag!

I dag sit nynorskelevar i klasserommet med skriveprogram som gir dei raude strekar under ord dei skriv rett, appar som ikkje finst på nynorsk og andre verktøy som gjer at lese- og skriveopplæringa deira blir meir mangelfull og langt dårlegare enn den opplæringa jamaldringar som skriv bokmål får. Mangelen på nynorsk i det digitale klasserommet skadar ikkje berre nynorskelevane, men det stikk også kjeppar i hjula for sidemålsundervisninga til bokmåselevane.

Læremiddel er i dag omfatta av det såkalla parallellitetskravet om at dei må finnast på både nynorsk og bokmål, til same tid og pris. Når det blir så mange digitale element i tillegg til den trykte læreboka må ny opplæringslov henga med i skulekvardagen.

Parallellitetskravet må gjelda for alle digitale og ikkje-digitale læringsressursar og verktøy som er laga for opplæringssiktemål. Skriveprogram som skal brukast i norsk skule, må støtta både nynorsk og bokmål utan atterhald.

Heile 14 259 av dei 73 117 elevane som har nynorsk i barne- og ungdomsskulen, bur i Rogaland. Elevane våre fortener språkleg rettferd!

Rogaland SV meiner at:

- Parallellitetskravet må gjelda for alle digitale og ikkje-digitale læringsressursar og verktøy som er laga for opplæringssiktemål.
- Skriveprogram som blir brukte i skulen, må stø både nynorsk og bokmål.

Vedtatt av Rogaland SVs årsmøte 18. -19. februar 2023

Gjer ord til handling: Vern Sandsfjordsområdet!

Suldal kommune er i ferd med å revidera kommuneplanen. Her er det kome forslag om store omdisponeringar av areal langs den nasjonale laksefjorden Sandsfjorden.

Det delvis kommunaleigde Wind Works Jelsa har planar om å etablera verdas største tørrdogg for havvindmøller ved fjorden. Dei seier at dei skal gjenbruka det gamle steinbrotet, men dei vil også veksa inn i nye uberørte område og stenga hovudskipsleia. For å frigi plass til vindmølleindustrien vil det som nå er Europas største opne steinbrot, Norsk Stein, flytta inn i eit nytt 2800 da stort skogsområde med rikt dyre- og fugleliv. Lenger inne i fjorden vil Sveholmen Shipping etablera eit steinbrot i Sauaskolten på det strekket der Sandsfjorden er på sitt smalaste. Kombinert med bygging av ny tømmerkai på Berakvam er det snakk om eit 3,5 km langt strekke med strandsone som ikkje vil vere tilgjengeleg for ålmenta. Av desse er 2,5 km ny nedbygging. Naturinngrepa vil vera store og omfattande og me fryktar at den nasjonale laksefjorden, Sandsfjorden, vil bli omforma til ein industrifjord.

Sandsfjorden står i fare for å mista det biologiske mangfaldet. Det vil bli utslepp av sediment frå to gigantiske steinbrot og utslepp frå vindmølleproduksjon. Det er snakk om forureining i form av mellom anna støv, støy, lys og sprenggassar. Erfaringane frå det nåverande steinbrotet syner at Norsk Stein ikkje klarer å demma opp for avrenning til fjorden når nedbørsmengda er stor. Siltgardina ved kaianlegget strekkjer seg berre 4 meter i djupet, og dokumentasjon frå fjordbotnen viser omfattande steinstøvsedimentering etter om lag 40 år med drift på Norsk Stein Jelsa sitt anlegg. Om uttaksområdet nå skal bli nær tre gonger så stort er me uroa for konsekvensane for fjorden. Naturreservatet på Kjølvikskorpa, verneområdet på Foldøy, Øyna naturreservat, djupvasskorallreva, gytefelt for torsk, villaksbestanden, rekefelt, tareskogane og områda med ålegras er truga. Etter planane vil Norsk Stein halda fram i nytt ope brot og dermed blir skogsområda også raserte. Det er snakk om eit område på 2800 dekar med myrar og skogstjern, område med rik edellauvskog, gammal fin furuskog og store gamle tre som blir skrapa bort før Norsk Stein startar produksjonen. Området har eit rikt og veldokumentert fugle- og dyreliv. I vassdraget Tysingsvatnet - Sláttevatnet - Økstrafjorden har det blitt gjort funn av elvemuslingar og ål. Med statusen som nasjonalt laksevassdrag følgjer eit særleg vern og eit føre-var-prinsipp som skal sørge for fortsatt gode levekår for den nå raudlista villaksen. Rogaland SV meiner at dei store naturkonsekvensane gjer at ein ikkje kan gå inn for desse planane slik dei føreligg nå.

Statsforvaltaren i Rogaland har påpeika at konsekvensutgreiingane for desse store naturinngrepa både er mangelfulle og underestimerer naturverdiane i området. Verda står i ei naturkrise som er tett samanfiltra med den pågåande klimakrisa. Nedbygging av natur er ikkje noko ein kan ta lett på, og ein kan heller ikkje lenger lena seg på at ein ikkje visste betre. Me er avhengige av at politiske avgjerder om potensielt massiv nedbygging av natur blir gjort med tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag på plass. Folkehelseperspektivet og konsekvensar for naboar av langvarig eksponering for kvartshaldig støv, støy, lysforureining og tap av landskap og rekreasjonsområde er heller ikkje tilstrekkeleg opplyst.

Forslagsstillarane estimerer at denne omfattande satsinga på industri og steinbrot på Berakvam vil kunne føra til 1000 nye arbeidsplassar, gjerne meir. Windworks Jelsa har eit mål om produksjonsstart i 2028. Korleis Suldalssamfunnet skal husa denne eksplosive veksten av arbeidsplassar framstår uklart. Infrastrukturen, vegar, bustader og offentlege

tenester er ikkje dimensjonert for denne utviklinga. Korleis ein skal få tak i kvalifisert arbeidskraft til ein utkantkommune er òg eit spørsmål som står ubesvart. Rogaland SV meiner at produksjon og samanstilling av havvindmøller bør føregå ved allereie etablerte industrianlegg langs kysten, der ein har tilgang på nødvendig arbeidskraft og infrastruktur. Rogaland SV stiller seg positive til ein prosess der ein ser på god etterbruk av steinbrotet på Berakvam til grøn industri som ikkje medfører omfattande ny nedbygging av natur.

Me veit at verda står i ei naturkrise. Med den ferske naturavtalen frå Montreal i handa må norske politikarar vise at me meiner alvor og ta omsut for særlege nasjonale verdiar slik som den nasjonale laksefjorden Sandsfjorden representerer. Det er på tide å gjera ord til handling!

Vedtatt på årsmøtet i Rogaland SV 18. -19. februar 2023.

Palestina, Noreg og folkeretten

Noreg hadde sete i Tryggingrådet i 2021 og 2022. I arbeidet med å skaffa seg stemmer for å få plassen, understreka ein mellom anna at å fremja FN, folkeretten og å medverka til å løysa krig og konflikhtar var sentrale oppgåver.

Det siste året har vi sett kor sterkt argumentet om respekt for folkeretten er, både i Noreg og i Europa og USA. Dette står i grell kontrast til korleis ein handterer palestinarane sitt behov for å bli verna av folkeretten. Vestbreidda ser det ut til at Israel har bestemt seg for å ta i eige. I dag er det mellom 650000 og 800000 ulovlege busetjarar på Vestbreidda, og regjeringa oppmodar heile tida folk om å busetja seg der. Det siste vi høyrer nå er israelske åtak på ein palestinsk flyktningleir på Vestbreidda. Området er palestinsk territorium, men har vore okkupert av Israel i meir enn 50 år.

Utanriksministeren vår er «bekymra» over situasjonen. Men kor har engasjementet for folkeretten vore i alle desse åra? Palestinarane vert kalla terroristar når dei set seg opp mot okkupasjonsmakta. Ville vi ha kalla norsk motstandsørsla under krigen for terroristar? Den israelske okkupasjonen reduserer og stykkar opp territoriet til det som skulle bli ein palestinsk stat. Ser ein på kart over Israel/Palestina i 1948 og i dag, bør ein skjønna noko av maktløysa, fortvilninga og desperasjonen til palestinarane. Og folkeretten?

Nesten 4500 palestinarar sit nå (sept. 2022) i varetektsfengsel, 730 av desse utan tiltale. 500-700 palestinske barn blir årleg fengsla av Israel. Kven står opp for barnekonvensjonen? Ingen israelarar i palestinsk fengsel – sjølv sagt. Det var jo ingen tyskarar i norsk fengsel under andre verdskrig.

I 2021 blei seks palestinske humanitære organisasjonar stempla av Israel som terrororganisasjonar. Mange europeiske land har reagert på dette, og utanriksministeren vår «er bekymra». Det er gjort undersøkingar for å få stadfesta eller avkrefta desse skuldingane frå Israel. Så langt har ein ikkje kunna dokumentera at desse organisasjonane støttar terrorisme, men likevel har ingen ting skjedd for å få Israel til trekka tilbake skuldingane. Og den humanitære hjelpa til palestinarane blir mindre.

Israel har fått ei ny og ekstremt reaksjonær regjering som ikkje legg skjul på at målet er å fordriva dei palestinske innbyggjarane på okkuperte område ut av landet eller til isolerte «bantustans» under israelsk kontroll. Folkeretten og alminneleg moral er sett ut av spel. Eigentleg er dette eit framhald av den politikken som den 15. mai – Nakba, fordrivingsdagen – har føregått i 75 år. Både FN og Amnesty International har stempla politikken som apartheid.

Det er tydeleg at Israel ikkje vil endra politikken sin utan massivt internasjonalt press i form av boikott, de-investeringar og sanksjonar.

SV krev at den norske regjeringa tar initiativ nasjonalt og internasjonalt for å utøva press mot apartheidstaten Israel for å endra politikken.

Vedtatt på årsmøtet i Rogaland SV 18. -19. februar 2023.

Et arealnøytralt Norge

Rogaland SV krever at klimamålene, klimaarbeidet, naturmangfold og arealnøytralitet skal være integrert og prioritert i kommunenes sentrale plan- og strategidokumenter. FNs naturpanel er tydelige på at arealendringer er den viktigste grunnen til tap av artsmangfold og FN har utpekt 2021-2030 til verdens tiår for restaurering av økosystemer. I Rogaland finner vi flere av de mest sårbare artene i tilknytning til jordbruksjord. Vi mener at det er bygget ned nok nå. Man må i langt større grad ta i bruk allerede nedbygde arealer. Miljøorganisasjonen Sabima beskriver arealnøytralitet som innsats for å “gjenbruke og fortette allerede utbygde arealer fremfor å bygge ut mer natur, og stanse arealforbruket.”

Arealnøytralitet handler om at nettoforbruket av natur i kommunene må være likt null. I stedet for å åpne nye områder for inngrep, må kommunene i stedet gjenbruke og fortette allerede berørte arealer.

Arealnøytralitet innebærer:

- økt gjenbruk og fortetting av arealer som allerede er utsatt for menneskelige inngrep
- arealregnskap i alle kommuner, som innebærer miljøstatus for alle naturtyper, vern av sårbare naturtyper og restaurering/kompensasjon av naturområder
- arealavgift for å redusere presset på natur
- rekkefølgebestemmelse i planlegging som følger hierarkiet unngå, avbøte, restaurere, kompensere

SV vil jobbe for at alle kommuner skal jobbe for arealnøytralitet.

Vedtatt på årsmøtet i Rogaland SV 18. -19. februar 2023.

Utenlandsadopsjon

Mediebildet har den siste tiden vært preget av en avdekket adopsjonsskandale. Flere adopterte kan ha blitt urettmessig adoptert til norske familier, og de sterke historiene som kommer fram preger hele samfunnet. SV ønsker å motarbeide alle former for rasisme og jobber for et sterkt vern om menneskerettighetene, og vi mener derfor det er behov for å se nærmere på situasjonen for utenlandsadopterte.

I lys av det som er kommet fram i Norge og våre naboland, mener vi at det nå må kreves en innsats på alle nivå. Nasjonalt har SV, sammen med Høyre og Frp, krevd en uavhengig ekstern gransking av alle adopsjoner i Norge.

I sammenheng med dette kreves det en intensivert innsats for å ivareta utenlandsadopterte. Det som blir avdekket kan oppleves som livsomveltende for den det gjelder, og dens familie. Det er grunn til å tro at det vil være behov for et støtteapparat og hjelpeapparat som er opprustet og i stand til å hjelpe og ivareta berørte parter.

Rogaland SV vil jobbe for at utenlandsadopterte får et hjelpeapparat og et oppfølgingstilbud tilpasset deres situasjon. Helsevesenet og offentlige instanser må øke sin kunnskap om migrasjonshelse, og adopterte må inkluderes i dette fagfeltet.

Vedtatt på årsmøtet i Rogaland SV 18. -19. februar 2023.

Trygg tunnel på Rv13 gjennom Rødsliane!

På Rogalands mest rasfarlege veg, Riksveg 13 i Rødsliane i Suldal, skal det snart bli tunnel. Rogaland SV krev at den utrygge vegstrekninga ikkje blir erstatta med ein utrygg tunnel, men at regjeringa held seg til planane for det mest trafikksikre og miljøvennlege alternativet.

SV fekk gjennomslag for pengar til oppstart av arbeidet i statsbudsjettet for 2022. Deretter gjekk det endå eit år før planlegginga kom skikkeleg i gang. Nye kostnadsoverslag viste at prisen på tunnelen oversteig 1 milliard kroner som dermed utløyste krav om kvalitetssikring (KS2). Det vart hevda at ved å gå for ein billegare, kortare og brattare tunnel ville ein kunna spara tid ved å unngå ein slik kvalitetssikringsprosess. Statens vegvesen har på andre forsøk klart å få dispensasjon til å fråvika kravet om maksimum 5% stigning i tunnelen.

No viser det seg at også den kortare tunnelen krev ei KS2-utgreiing, og dermed er argumentet om å spara tid borte. Tvert imot vil det kunna ta lenger tid, då reguleringsplanane i så fall må endrast. Argumentet som gjenstår er at bygginga av den kortare og brattare tunnelen vil bli billegare.

Rogaland SV reagerer på at folk i distrikta skal vera forsøkskaninar på avvik frå trafikksikringskrav. Ein brattare tunnel vil ikkje vera tilpassa verken den tungtransporten som køyrer på vegane gjennom Ryfylke i dag, og langt mindre den store trafikkauken som kan koma med auka næringsverksemd i regionen. Brattare stigning er også mindre miljøvennleg. Ved ulykker i ein tunnel med eitt løp og langt til brann- og redningstenester vil det kunna føra til at tunnelen er stengt for trafikk i lang tid. Dei pengane som kan sparast i investeringskostnadene med ein kortare tunnel, vil fort forsvinna med større planleggingskostnader, lengre stengetider og større behov for oppgraderingar seinare.

Rogaland SV krev ein framtidsretta, trygg og meir miljøvennleg tunnel, og me krev at arbeidet vert sett i gang snarast. Folk og næringsliv i Suldal og resten av Ryfylke har venta lenge nok.

Vedtatt på årsmøtet i Rogaland SV 18. -19. februar 2023.

Avskaff strømbørsen!

Rogaland SV mener at det straks må tas politisk kontroll over strømpriser og kraftmarkedet.

Høsten 2021 begynte strømprisene å stige. Bakgrunnen for at strømprisene begynte å stige ute i Europa var Russland og Putin sin struping av gassleveransene til Europa. Årsaken til at vi i Norge ble så sterkt berørt av denne prisstigningen, er at vi er knyttet opp til det europeiske energimarkedet via undersjøiske strømkabler

Norge eksporterer til tider store mengder strøm, men importerer europeiske strømpriser på grunn av kablene og Nord pool-børsen,

Regjeringen og Høyre holder fast på at strømprisen vår skal settes på Nord Pool-børsen. Dette vil for oss i Sør-Norge bety at vi må overby 16 andre land for å kjøpe strømmen tilbake.

Vi produserer strøm selv til 12 øre/kwt. Dette skjer i vårt nabolag og strømmen forlater ikke nødvendigvis landet. Likevel ender vi opp med å måtte kjøpe den tilbake for opp til 20 kr/kwt.

Konkurransfordelen som norsk industri hadde med lave strømpriser er borte. Dette har ført med seg store prisøkninger på de aller fleste varer. De som hadde lite før, har enda mindre nå.

Regjeringen forsvarer børssystemet, blant annet, med forsyningssikkerhet. Rogaland SV mener derimot at et energisamarbeid med andre land for å sikre forsyningssikkerheten kan reetableres, uten å gjøre det gjennom en destruktiv strømbørs.

Vedtatt på årsmøtet i Rogaland SV 18. -19. februar 2023.

Nytt sjukehus i Stavanger må ikkje gå ut over pasientane

Stavanger er i ferd med å få eit todelt sjukehus, med drift både på Våland og Ullandhaug. Byggetrinn to er utsett på ubestemt tid. Ei slik todelt drift vil auka kostnadene endå meir, gjera arbeidskvardagen vanskelegare for dei tilsette og gå ut over pasientbehandlinga.

Situasjonen er uholdbar, og ein direkte konsekvens av ein feilslått finansieringsmodell, der helseføretaka sjølv må spara pengar på drifta for å finansiera nybygg. Andre saker, som planane om nytt storsjukehus i Oslo, illustrerer det same problemet. Demokratisk styring er erstatta av marknadsstyring og politisk ansvarsfråskrivning. Det er på tide å tenka nytt.

Rogaland SV meiner at Stortinget må vedta ein ny finansieringsmodell for sjukehusa, der ein skil mellom investeringar og drift, og der store sjukehusinvesteringar blir prioritert av Stortinget og fullfinansierast over statsbudsjettet.

På kort sikt må Stavanger universitetssjukehus (SUS) få dekkja meirkostnadene på grunn av den høge prisveksten slik at desse ikkje går på kostnad av pasientbehandlinga.

Vedtatt på årsmøtet i Rogaland SV 18. -19. februar 2023.

En rettferdig asylpolitikk

I Norge lever en gruppe mennesker i en uverdigg og uholdbar situasjon. De er ureturnerbare asylsøkere som har bodd på mottak årevis, noen over 20 år med livet på vent. De får ikke bli, men kan ikke returnere. De har ikke rett til å arbeide, og har heller ikke rett til skolegang og utdanning. De får bare helsehjelp hvis situasjonen er livstruende, og hvis de flytter ut fra mottaket mister de den lille støtten de har til livsopphold.

Disse menneskene lever et liv i limbo, uten håp om ei framtid for seg selv.

8. januar ble Yemanedagen markert flere steder i landet. Dagen er tilegnet Yemane som bodde store deler av livet på mottak, og som døde ensom på Bømlo etter 25 år med livet på vent. Initiativgruppen for markering av Yemanedagen 2023 kommer fra organisasjonene Rettferdighet i asylpolitikken (RiA), Mennesker i Limbo (MiL), organisasjonen Awa United, Internasjonal Kvinneliga for fred og frihet (IKFF) og Norge Kristne Råd.

Arrangementene de forskjellige steder støttes fra ulike parti og organisasjoner, fra LO, Norsk Folkehjelp til Kirkens Bymisjon og bispedømmer rundt om i landet. Rogaland SV støttet markeringen i Stavanger som ble arrangert av RIA, og stiller seg bak et felles krav om et mer human og rettferdig asylsystem. Felles krav er at:

- Engangsløsningen må evalueres og utvides.
- En ny varig løsning for lengeværende og ureturnerbare asylsøkere må vedtas med 5 års grense og være uavhengig av alder.
- Til engangsløsningen er utvidet og en ny varig løsning er på plass må ureturnerbare få rett til grunnleggende menneskerettigheter.
- Alle som får DUF- nummer i Norge automatisk skal få et D-nummer, slik at de blir del av folkeregisteret og kan delta i samfunnet i større grad. Dette er viktig med tanke på nasjonal sikkerhet, tilgang til offentlige tjenester, forskning og den enkeltes verdighet.

Rogaland SV mener det må være en grense for hvor lenge mennesker kan leve uten rettigheter i Norge, og stiller seg bak kravene om en mer human og rettferdig asylpolitikk. SV ber regjeringen følge opp kravene, og bidra til en mer human og rettferdig asylpolitikk nå.

Vedtatt av årsmøtet i Rogaland SV 18. -19. februar 2023.